

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 17.08.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Askjell Utaaker/Gro Aarli  
**SAKA GJELD:** **Sal av Haukelandsbakken 4, ½ del av gnr 163 bnr 85 i Bergen kommune**

**STYRESAK:** 81/18 A

**STYREMØTE:** 30.08.2018

---

### Forslag til vedtak:

1. Eigedomen Haukelandsbakken 4, 3337 m<sup>2</sup> av gnr 163 bnr 85 i Bergen kommune vert seld til Hordaland fylkeskommune v/Bybanen utbygging i samsvar med den avtalen som ligg føre og for kr 9,2 millionar.

## **Fakta**

Helse Bergen HF har gjennom lengre tid vore i dialog med Bergen kommune i den hensikt å regulere stopp for Bybanen som tar omsyn til besøkjande både til Haukeland universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale sjukehus, samt dei institusjonane som ligg på Årstadflaten. Det er bestemt at Bybanen skal gå under jorda på den aktuelle strekninga.

Helse Bergen HF vart samde med kommunen om at plassering av stoppet under jorda mellom dei to sjukehusa var god, med to oppgangar, ein i Årstadvegen nær Haraldsplass og ein i Haukelandsbakken 4, nær Haukeland. Dette er og i samsvar med føretakets tilråding i gjeldande arealplan.

Reguleringsplanen for området slår nå fast at ein av to oppgangar frå bybanestoppet skal ligge i Haukelandsbakken 4.

Haukelandsbakken 4 ligg på gnr 163, bnr 85. Eigedomen er totalt på 5797,6 m<sup>2</sup>. Det som skal ervervast av fylkeskommunen er 3337 m<sup>2</sup>. I tillegg skal dei nytte ein del av tomta til riggområdet i anleggsperioden. Tilgangen til Haukelandsbakken 2 som ligg på same eigedom vært sperra. Partane er difor einige om at fylkeskommunen leigar bygget i anleggsperioden til kr 5 millionar.

Det Kvite Hus skal setjast opp på den bakre del av eigedomen når bybanestoppet er ferdig. I tida fram til ein kan ta bybanestoppet i bruk, må Det Kvite Hus lagrast. Utgiftene til det på ca kr 2,2 millionar seier Bybanen er følgjekostnader som dei ikkje dekkjar for nokon som må gje frå seg areal. Rivekostnader som Helse Bergen HF har betalt på kr 812 500, vert dekkja.

Fylkeskommunen har tilbode ein rund sum der dei også betaler noko for leige av området til riggplass. Den delen av eigedomen får Helse Bergen HF attende etter at anleggsarbeida er avslutta og det er der Det Kvite Hus skal settast opp.

Samla sett betaler fylkeskommunen kr 10 millionar. Trekk ein frå rivekostnaden vert prisen for den delen av eigedomen som fylkeskommunen skal erverva, kr 9 178 500.

Tomta er verdsett i anleggsregisteret til kr 1,9 millionar.

## **Kommentar**

Kvadratmeterprisen ligg noko over kr 2000 pr kvadratmeter. Prisen er akseptabel, vurdert ut frå kjennskapen vi har til mellom anna eigedom som vart kjøpt frå Bergen kommune i samband med bygginga av Marie Joys' Hus.

For eigedomar med verdi under 10 millionar kroner er gjeldande prosedyre at sal vert behandla av helseføretaket sitt styre .

## **Konklusjon**

Adm. direktør tilrår at 3337 m<sup>2</sup> av egedomen gnr 163, bnr 85 vert seld til Hordaland fylkeskommune v/ Bybanen utbygging for kr 9 178 500.